



Så flott har panoramaet mot Rosendal og Melderskin vorte sett frå Kvednavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som no køyrer forbi Kvednavikjo mellom Rød og Ljosnes får ei ny oppleving: Flott panoramautsikt både over fjorden, utover fjorden og innover mot Rosendal! Som eit ledd i det nystarta oppryddingsprosjektet langs dei "grøne tunnelane" etter riksvegen gjennom Kvinnherad har det no vorte rydda grundig på denne idylliske staden.

- No står det att å rydde litt ned mot bekken i Kvednavikjo og så sjølvsagt få opp all veden, seier prosjektleiar Harald Urstad i Vestskog til uskedalen.no. Prosjektet i Kvinnherad er eit pilotprosjekt og til no dette året er det brukt i overkant av 100.000 kroner, ein sum som er løyvd frå fylkesmannen si landbruksavdeling.

Det står att rundt 50.000 av andre midlar og dei vil stort sett bli nytta til rydding av nokre felt mellom Ænes og Sundal der dei også har byrja så smått. Truleg blir det og ryddestart i år i Ljosneslia, som også utan tvil er eit prioritert felt. Der står vegetasjonen som ein samanhengande vegg mot det fine panoramaet innover fjorden mot Rosendal.

Til no er det skogeigarorganisasjonen og kommunen som har spelt på lag i dette prosjektet. I førre veka løyva kommunestyret 100.000 kroner til det gode føremålet, men det er enno uvisst om noko av desse pengane vil bli nytta på denne sida av årsskiftet.

Prosjektleiaren har også vore i kontakt med Statens Vegvesen, som naturleg nok bør stå sentralt i eit prosjekt som dette.

Dei legger for dagen ei positiv haldning og er interessert i eit samarbeid, ikkje minst med tanke på opparbeiding av rasteplassar.

Det blir planlagt ein skogdag med deltaking frå fleire hald, også vegvesenet, for å finna fram til eit fornuftig spleiselag og ei god arbeidsdeling.

Vestskog ser med optimisme på utsiktene for prosjektet framover, ikkje minst fordi 95 prosent av grunneigarane har signalisert at dette er noko som dei vil vera med på.

Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen engasjerar seg også sterkt for ei rydding i dei "grøne tunnelane" og i ei kartlegging av dei strekningane langs vegen der det bør ryddast har prosjektet mellom anna peike på strekninga

20.10.2020

Uskedal Utvikling

frå Herøysund mot Børnes.

Av Ola Matti Mathisen